



KONGELEG RESOLUSJON

Olje- og energidepartementet

Ref.nr.:

Statsråd: Tina Bru

Saksnr.: 20/88-

Dato: 12. juni 2020

Opning av områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II for konsesjonshandsaming av søknader om fornybar energiproduksjon etter havenergilova

I. Saksframstilling

Lov av 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova) sette rammene for utnytting av fornybare energiresursar til havs. Eit viktig føremål med lova var å fastsetje rammene for eventuelle utbyggingar i god tid, og å ha kontroll med arealdisponeringa til havs.

Havenergilova fastset at fornybar energiproduksjon til havs utanfor grunnlinjene, som hovudregel berre kan skje etter at staten har opna område for søknadar om konsesjon. Etter havenergilova § 2-2 fastset Kongen i statsråd at eit nærare stadleg avgrensa område skal opnast med sikte på tildeling av konsesjon etter § 3-1.

Som ei oppfølging av regjeringa sin strategi for flytande vindkraft i Prop. 1 S (2017-2018) føreslo Olje- og energidepartementet å opne to område for fornybar energiproduksjon til havs, og bad om innspel på eit tredje område. Forslaget har vore på ordinær høyring.

Ei opning av område inneber at det vert høve til å søke konsesjon til fornybar energiproduksjon innanfor området. Forslaget om å opne område var difor følgd av eit forslag til forskrift til havenergilova. Forskrifta fastset mellom anna nærare reglar for konsesjonsprosessen, og er fastsett ved kgl. res. same dag som denne resolusjonen.

1. Strategisk konsekvensutgreiing

Før område kan opnast krev havenergilova at det skal det utarbeidast konsekvensutgreiingar. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gjort ei strategisk konsekvensutgreiing i

samsvar med havenergilova sine føresetnader for 15 havområde¹. Denne utgreiinga har vore utgangspunktet for departementet sitt arbeid med opning av område.

NVE si strategiske konsekvensutgreiing bygger på rapporten *Havvind – forslag til utredningsområder*, som vart utarbeida av ei direktoratsgruppe og overlevert departementet i oktober 2010. I direktoratsgruppa deltok NVE som leia arbeidet, dåverande Direktoratet for naturforvaltning, Fiskeridirektoratet, Kystverket og Oljedirektoratet.

Rapporten føreslo 15 område og inneheldt eit utkast til planprogram for ei strategisk konsekvensutgreiing.

I arbeidet med å finne eigna område, tok direktoratsgruppa utgangspunkt i teknisk-økonomiske tilhøve, særleg havdjup og mulegheiter for tilkopling til kraftsystemet. Direktoratets gruppa kom fram til dei 15 føreslegne utgreiingsområda ved å ta omsyn også til andre arealbruks- og miljøinteresser. Geografiske informasjonssystem (GIS) var eit viktig verkty i arbeidet.

Rapporten var på høyring, og basert på rapporten og høyringa gav departementet i juli 2011 NVE i oppdrag å gjere ei strategisk konsekvensutgreiing av dei 15 områda.

NVE leverte den strategiske konsekvensutgreiinga til departementet i desember 2012. Vurderingane vart bygd på 13 fagrapportar innan miljø, nærings- og samfunnsinteresser og teknisk-økonomiske tilhøve.

I arbeidet støtta NVE seg på ei referansegruppe med representantar for Direktoratet for naturforvaltning, Oljedirektoratet, Kystverket og Fiskeridirektoratet. I tillegg henta NVE innspel frå Avinor, Forsvarsbygg og Meteorologisk institutt.

Utgreiinga sorterer dei 15 områda i tre grupper, ei gruppe som bør opnast fyrst, ei gruppe som kan opnast på sikt og ei gruppe som ikkje bør opnast. NVE meinte fem område burde opnast fyrst: Sørlege Nordsjø I, Sørlege Nordsjø II, Utsira Nord, Frøyagrunnene og Sandskallen-Sørøya Nord.

NVE si strategiske konsekvensutgreiing vart lagt ut på høyring av departementet i fyrste kvartal i 2013. Fordi det var gått meir enn seks år frå høyringa i 2013 til departementet la sitt forslag om opning av område ut på høyring i juli 2019, la ikkje departementet avgjerande vekt på høyringsuttalane frå 2013.

På oppdrag frå departementet gjorde NVE i 2018 ei vurdering² av om vesentlege tilhøve hadde endra seg sidan framstillinga av den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012, og om ny eller endra informasjon gav grunnlag for å endre rangeringa av områda. Departementet bad også NVE om å gje ei tilråding om kva for område som burde opnast no.

¹ Havvind, Strategisk konsekvensutredning, NVE-rapport 47-12.

² <https://www.regjeringen.no/contentassets/856bdd85577c4084bb9dd415e6e45483/svar-pa-oppdrag-om-apning-av-omrader-for-vindkraft-til-havs.pdf>

Som del av arbeidet med oppdraget i 2018, henta NVE på nytt inn synspunkt frå relevante offentlege etatar: Fiskeridirektoratet, Oljedirektoratet, Kystverket, Miljødirektoratet, Havforskningsinstituttet, Forsvarsbygg, Luftfartstilsynet, Meteorologisk institutt og Avinor.

NVE meinte at ingen vesentlege endringar i kunnskapsgrunnlaget gav grunn til å endre etaten si tilråding frå 2012, og tilrådde å opne Utsira Nord og Sørlege Nordsjø I eller Sørlege Nordsjø II. Frøyagrunnane vart vurdert som mindre aktuelt, mellom anna av di det er vesentleg mindre enn dei tre områda som vart tilrådd, og dermed har mindre potensial for tilpassing til andre interesser. Sandskallen-Sørøya Nord vart også vurdert som mindre aktuelt, grunna flaskehalsar i kraftnettet.

Departementet heldt eit ope høyringsmøte i juni 2018, der næringsaktørar, offentlege etatar og organisasjonar ga innspel til kva for område som burde opnast og korleis denne næringa burde regulerast.

2. Departementet sitt høyringsforslag

I forslaget som vart sendt på høyring 2. juli 2019 føreslo departementet å opne områda Utsira Nord og Sandskallen-Sørøya Nord. I tillegg bad departementet om innspel på om området Sørlege Nordsjø II også burde opnast.

I vurderinga la departementet vekt på at det bør opnast område som gjer det muleg å fremje prosjekt med både flytande og botnfast teknologi. Departementet prioriterte også område som eignar seg for kommersielle prosjekt.

Departementet har lagt vekt på at områda som vart føreslått opna er fleksible, og har godt potensial for tilpassing av konkrete prosjekt.

Departementet peika på at ein ikkje bør avgrensa område av omsyn til einiskilde interesser, fordi det vil redusere fleksibiliteten og høvet til å ta omsyn til fleire interesser i konsesjonsprosessen. Dersom ein skulle justert grensene for områda ville det vere naturleg at det vart gjort gjennom ei ny overordna utpeiking av område med påfølgande strategisk konsekvensutgreiing. Departementet peika på at prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og ein konsesjonsprosess med høyringar vil sikre at ulike omsyn vert sette og vurderte opp mot kvarandre før det eventuelt vert gjeve løyve til å bygge ut energianlegg i dei føreslegne områda.

Utsira Nord

Området Utsira Nord ligg vest av Haugalandet, og strekker seg i retning nord-sør frå Bømlafjorden til Boknafjorden. Gjennomsnittsdjupna i området er 267 meter, og området eignar seg berre til flytande vindkraftteknologi.

NVE har lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 500 og 1500 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnettet på land i Noreg. Utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom seks og 19 prosent av arealet.

Med kortare avstand til land, er det muleg å bygge ut området med vekselsstraumkablar. Det er gode vindtilhøve i området, og i den strategiske konsekvensutgreiinga er det lagt til grunn ein effektfaktor på 47-48 prosent som svarar til ei brukstid på om lag 4300 timar. Nærleiken til land legg også til rette for låge driftskostnader.

Ei utbygging i Utsira Nord vil vere synleg frå land. Det er også tett skipstrafikk i området, med fleire typar farty. Utsira Nord er opna for petroleumsverksemd, men det har til no ikkje vore petroleumsverksemd og det er ikkje kartlagd leitemodellar eller prospekt i området. Ein kan ikkje sjå bort frå at det er mulegheiter for petroleumsførekomstar i området, men ressurspotensialet for petroleum er med dagens kunnskap vurdert som lågt.

Utsira Nord er definert ved fire punkt³:

4° 16' 09" E, 59° 26' 53" N

4° 40' 25" E, 59° 28' 56" N

4° 24' 27" E, 59° 04' 10" N

4° 48' 44" E, 59° 06' 18" N

Området er på 1010 km², og ligg om lag 22 kilometer frå kysten (Utsira). Heile området ligg utanfor grunnlinja.

Sandskallen-Sørøya Nord

Området Sandskallen-Sørøya Nord ligg i Barentshavet nordvest av Hammerfest.

Gjennomsnittsdjupna i området er 89 meter, men variasjonen i djupna er slik at området kan eigne seg for både botnfast og flytande teknologi.

I den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012 var dette området mellom dei fem NVE meinte burde opnast fyrst. NVE har lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 100 og 300 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnettet på land. Ei utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom fem og 15 prosent av arealet.

Med avstanden til land, er det muleg å bygge ut området med vekselsstraumkablar. Vindtilhøva i området er ikkje av dei beste samanlikna med dei andre utgreiingsområda, men nærleiken til land legg til rette for låge drifts- og investeringskostnader. Det er estimert ein effektfaktor på om lag 40 prosent, som svarar til ei brukstid på 3500 timer per år.

Sandskallen-Sørøya Nord er ikkje av dei områda NVE føreslo å opne i si vurdering i 2018. Det er i hovudsak grunna avgrensa nettkapasitet. I samband med arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft føreslo NVE i 2019 eit område på land i nærleiken av Sandskallen-Sørøya Nord som eitt av dei mest eigna områda for vindkraft på land. Her skriv NVE m.a. om nettsituasjonen i Finnmark:

³ Geodetisk datum: WGS 84

"Nettkapasitet kan imidlertid på lang sikt bli en mindre begrensning på grunn av mulighetene for økt kraftforbruk og nye kraftledninger, eller alternative løsninger som ikke krever mye nettkapasitet."

Departementet slutta seg til denne vurderinga, og la vekt på at området legg til rette for utbygging av botnfast vindkraft mykje nærare land enn områda i sørlege Nordsjø. Nærleiken til land gjer det muleg med mindre utbyggingar, til dømes demonstrasjonsprosjekt.

Ei utbygging i Sandskallen-Sørøya Nord vil vere synleg frå land. Området grensar til LoppHAVET verneområde. Det er kartlagd leitemodellar for petroleum i området. Ressurspotensialet for petroleum er vurdert som svært lågt, men ein kan ikkje utelukke at det finst petroleumsførekomstar i området.

Sandskallen-Sørøya Nord er definert ved fire punkt:

22° 12' 01" E, 70° 55' 10" N

22° 42' 35" E, 71° 02' 44" N

22° 54' 03" E, 70° 57' 36" N

22° 22' 34" E, 70° 50' 37" N

Området er på 260 km², og ligg om lag 14 kilometer frå kysten (Sørøya). Heile området ligg utanfor grunnlinja.

Sørlige Nordsjø II

Basert på den strategiske konsekvensutgreiinga og NVE si vurdering frå 2018, kan det sjå ut til at Sørlige Nordsjø I og Sørlige Nordsjø II har nokså like karakteristika og nokolunde dei same potensielle verknadane for miljø, næringsaktivitet og andre interesser.

Sørlige Nordsjø II er i dag i mindre grad dekkja av tildelte utvinningsløyve etter petroleumsløva enn Sørlige Nordsjø I. Sørlige Nordsjø I har noko lågare potensial for konflikt med skipsfart og lågare miljørisiko enn Sørlige Nordsjø II. Det er kjende kulturminne (skipsvrak) i Sørlige Nordsjø II.

Sørlige Nordsjø II er det området som ligg nærast det europeiske kraftsystemet med tanke på muleg tilknytning. Vidare er Sørlige Nordsjø II det klart største området, noko som gjev betre føresetnadar for tilpassing til andre interesser.

Departementet bad om innspel på ei muleg opning av området Sørlige Nordsjø II.

Det kjem fram i den strategiske konsekvensutgreiinga at av dei 15 utgreiingsområda er Sørlige Nordsjø I og Sørlige Nordsjø II mest interessante for petroleumsnæringa. Begge områda ligg i mogne petroleumsområde med godt utbygd infrastruktur. Delar av utgreiingsområda overlappar

med tildelte areal (utvinningsløyve). Det er kartlagd fleire prospekt og prospektmulegheiter her, og fleire leitemodellar på ulike nivå.

Departementet ønske difor å sjå innspela frå høyringa før det vart teke endeleg stilling i spørsmålet om opning av Sørlege Nordsjø II. Departementet varsla også at det skulle gjerast ei nærare vurdering av juridiske og praktiske problemstillingar som kan oppstå dersom vindkraftanlegg skal etablerast i område med petroleumsverksemd.

Sørlege Nordsjø II ligg på Smalbanken sørvest av det norske fastlandet, og aust for dei store olje- og gassfelt i den sørvestlege delen av Nordsjøen. Området grensar mot dansk økonomisk sone i sør.

Gjennomsnittsdjupna i området er 60 meter, med ein variasjon mellom 53 og 70 meter. Området er med det eigna for botnfast teknologi. Det finst konsept for flytande vindkraft som gjer at området kan vere aktuelt også for denne teknologien.

NVE har i den strategiske konsekvensutgreiinga lagt til grunn at området i dag kan byggast ut med mellom 1000 og 2000 MW, basert på ei vurdering av kor stor produksjon som kan knytast til kraftnett på land i Noreg, men også med tanke på eksport av produksjonen. Utbygging med dette omfanget vil krevje at ein tek i bruk mellom seks og ti prosent av arealet.

Det er gode vindtilhøve i området, og det er estimert ein effektfaktor på om lag 50 prosent, som svarar til ei brukstid på rundt 4400 timar.

I og med at dette området ligg langt frå land, er det berre aktuelt å kople eventuelle utbyggingar til kraftnett på land med likestraumskablar. Den store avstanden gjer også at det er lite aktuelt med små utbyggingar her.

Sørlege Nordsjø II er definert ved fem punkt:

4° 20' 48" E, 56° 49' 24" N

5° 10' 05" E, 57° 05' 36" N

5° 29' 51" E, 56° 44' 17" N

5° 02' 01" E, 56° 35' 30" N

4° 38' 29" E, 56° 29' 02" N

Området er på 2591 km², og ligg om lag 140 kilometer frå kysten. Heile området ligg utanfor grunnlinja.

Olje- og gassverksemda

Olje og gass er stadbundne ressursar, men ein veit ikkje nøyaktig kor dei er før ressursane er påviste gjennom leiting. I område som kan innehalde olje og gass vil det alltid vere ei viss usikkerheit om og kor store ressursar som er til stades innanfor eit areal. Etablering av vindkraft til havs vil medføre eit fysisk arealbeslag som påverkar mulegheitene for å utnytte dei undersjøiske ressursane av olje og gass som eventuelt er i området. Av den strategiske konsekvensutgreiinga går det mellom anna fram at havbotn som er dekt av eit vindkraftverk eller andre marine installasjonar, ikkje kan nyttast til petroleumsverksemd så lenge installasjonane er der. Vidare går det fram at når eit vindkraftverk er etablert, vil også kartlegging av petroleumsførekomstar innanfor det same området vere vanskeleg.

I område som er opne for petroleumsverksemd vert areal tildelt gjennom utvinningsløyve basert på søknadar frå oljeselskap. Selskapa som ønsker tilgang på areal søker om utvinningsløyve som gjev eksklusiv rett til å drive petroleumsverksemd innanfor det tildelte området. Dersom det vert gjort eit drivverdig funn i eit utvinningsløyve, vert det aktuelle området bygd ut for petroleumsutvinning. Vert det ikkje gjort funn, eller det vert avgjort at området ikkje er lovande nok til at selskapa no ønsker å vidareføre leiteaktivitet, vert utvinningsløyvet levert attende til staten. Det same området vert tildelt på nytt og kartlagd fleire gongar når oljeselskap ser andre/nye mulegheiter for å påvise lønsame ressursar i eit areal. Av den strategiske konsekvensutgreiinga går det fram at nye leitemodellar, ny geologisk innsikt og teknologiutvikling kan føre til at olje og gass vert påvist i utvinningsløyve som andre har forlate. Eit døme på dette er Johan Sverdrup-feltet. Dette området vart tildelt for fyrste gong i fyrste konsesjonsrunde i 1965, arealet vart utforska i fleire omgangar, men feltet vart ikkje påvist før i 2010.

Det følgjer av petroleumslova at innretningar som vert plasserte i område som er omfatta av eit utvinningsløyve ikkje må valde urimeleg ulempe for dei som har eit utvinningsløyve.

Sørlige Nordsjø II ligg i kvadrant 3, 4, 9 og 10 i petroleumsforvaltninga sitt system. Dette er ein mogen petroleumsprovins med godt utbygd infrastruktur og god dekning på seismiske data. Området hadde i juli 2019 noko overlapp med eitt utvinningsløyve etter petroleumslova, der Equinor Energy AS hadde operatørskapen og Faroe Petroleum Norge AS tok del i lisensen, men dette utvinningsløyvet er no levert attende.

Fiskeri

Omsynet til fiskeri har vore sentralt i arbeidet med utpeiking av område og strategisk konsekvensutgreiing, og det vil også vere eit viktig omsyn i konsesjonshandsaminga.

Ei utbygging av vindkraft til havs vil bandlegge areal. Eit vindkraftverk vil truleg føre med seg vesentlege hinder for fiske. I den grad det vil vere muleg vil det i så fall vere mindre farty og passiv reiskap som vil kunne tillatast.

Fiskeri var eit viktig tema i høyringssvara frå høyringa av den strategiske konsekvensutgreiinga i 2013. Fiskebåtredernes forbund gjekk mot ei opning av Utsira Nord. Grunngevinga var omsynet

til reke- og krepsefiske. Fiskeridepartementet meinte også at omsynet til fiske tilsa at området Utsira Nord burde flyttast mot nordaust og at Sandskallen-Sørøya Nord ikkje burde opnast. Finnmark Fylkeskommune gjekk også mot ei opning av Sandskallen-Sørøya Nord med same grunngeving, medan Hammerfest kommune i tillegg peika på konsekvensane for sjøfugl. Norges Fiskarlag skreiv i si fråsegn at ingen område bør opnast for fornybar energiproduksjon til havs før konsekvensane for fiskeria er nærare kartlagde. Norges Kystfiskarlag fremja tilsvarande synspunkt.

Det vert fiska i alle utgreiingsområda NVE vurderte i den strategiske konsekvensutgreiinga. Vurderinga ved ei opning av område, og ved etterfølgjande konsesjonshandsaming, er i kva grad fiskeriaktivitet vert påverka av eventuelle vindparkar.

Ei utfordring ved å førehandsvurdere verknadane for fiskeri er at det varierer frå år til år kor det er gunstige tilhøve for å drive fiske, då fiskeførekomstane flyttar på seg. På eit overordna strategisk nivå, som er det nivået ein gjer vurderingane på ved ei strategisk konsekvensutgreiing, kan det vere tilhøve som ikkje vert tekne omsyn til, og som må vurderast i ei eventuell prosjektspesifikk utgreiing.

I Utsira Nord vart konsekvensane for fiskeri vurdert som små av Fiskeridirektoratet. Dette området er også mellom dei områda som har best mulegheiter for tilpassing, då det er stort i høve det mulege utbyggingspotensialet NVE peika på i den strategiske konsekvensutgreiinga. For Sandskallen-Sørøya Nord vurderte Fiskeridirektoratet at konsekvensane for fiskeri var særleg store og rådde frå at området vert opna for etablering av vindkraft. NVE meinte likevel at det kan etablerast vindkraftverk og viste til at konsekvensane kan reduserast ved at berre delar av området takast i bruk.

Verknadane for fiskeri er eit sentralt og viktig tema for prosjektspesifikke utgreiingar. Havenergilova fastset prinsipp og prosess for dekking av tap som vert påført fiskarar i Noreg som følgje av at det vert lagt beslag på fiskefelt mv. Departementet føreslår i havenergilovforskrifta m.a. samansetjinga av nemnder for handsaming av krav og klage på handsaming av krav, og prinsipp for vurdering av prov.

Særleg verdifulle og sårbare område

I forvaltningsplanen for havområda (Meld. St. 20 (2019-2020)) er det areal innanfor dei aktuelle områda som har status som særleg verdifulle område. Desse områda er viktige for biologisk produksjon og for det biologiske mangfaldet.

Utsira Nord overlappar i betydeleg grad med Karmøyfeltet som er identifisert som SVO grunna høg biologisk produksjon, mellom anna som gyteområde for norsk vårgytande sild og leveområde for store førekomstar av reke. Området fungerer som samleplass for drivande egg, larver og yngel. Dette gjer området attraktivt også for sjøfugl og sjøpattedyr. Utsira Nord har ei djupne som gjer området eigna for flytande vindkraftanlegg. Bygging og drift av vindkraftanlegg i dette området vil kunne ha ein innverknad på både sjøfugl, fisk og sjøpattedyr.

Sørlige Nordsjø II overlappar i nokon grad med SVO Tobisfelt sør som er leve- og gyteområde for tobis. Området er i fyrste rekkje eigna til botnfast teknologi grunna djupet. Tobis er ein nøkkelart i økosystemet i Nordsjøen, og er svært bunden til stad fordi arten har strenge krav til sjøbotnen (grov sand) som han grev seg ned i. Desse leveområda kan bli påverka av fysiske inngrep på havbotnen. Tobis kan også vere sårbar for støy og vibrasjonar, noko som kan bli generert både under bygging og drift av vindkraftanlegg.

Sandskallen-Sørøya Nord ligg innanfor Tromsøflaket, som er definert som eit særleg verdifullt og sårbart område grunna eit rikt naturmangfald. I tillegg til at det er fiskelarvar av mellom anna sild, torsk, hyse og andre organismar der, og ein stor og viktig svampfauna, er området viktig for hekkande og overvintrande sjøfugl, inkludert to av dei fem største lundekoloniane i Noreg. Vidare grensar området til det føreslåtte LoppHAVet marine verneområde. Bygging og drift av vindkraftanlegg i dette området vil kunne ha ein innverknad på både sjøfugl, fisk og sjøpattedyr.

At eit areal har fått status som særleg verdifullt ekskluderer ikkje annan aktivitet, men signaliserer at det er viktig å vise særleg aktsemd i desse områda. Korleis det skal takast omsyn til miljøverdiane som har gjeve opphav til utpekninga må vurderast konkret, og gjennom dei prosjektspesifikke konsekvensutgreiingane vil naturverdiar (inkludert havbotn) verte kartlagt for å sikre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for god lokalisering og førebygge konflikt med viktige naturverdiar som m.a. leveområda for tobis og sjøfugl. Vilkår for å redusere eller unngå konflikhtar kan verte aktuelt. Departementet legg til grunn at konkrete vurderingar gjerast som del av konsesjonshandsaminga og ved godkjenning av detaljplan.

Forsvar

Utsira Nord overlappar i nord til dels med skyte- og øvingsfelt END253 Utsira (Luftforsvaret). I NVE si strategiske konsekvensutgreiing er denne arealkonflikten vurdert slik at ei realisering av vindkraftprosjekt i Utsira Nord ikkje vil redusere funksjonen til Forsvaret sin infrastruktur, og at det dermed ikkje var grunnlag for å endre grensene for Utsira Nord.

Forsvarsbygg skreiv i si fråsegn i høyringa av den strategiske konsekvensutgreiinga i 2013 at øvingsfeltet kan flyttast, men at feltet ikkje kan leggjast ned før eit nytt øvingsfelt er etablert.

I motsetnad til NVE la departementet til grunn at ein sameksistens mellom vindkraft til havs og Forsvaret sine aktivitetar i øvingsfelt ikkje er muleg, og at det dermed ikkje er aktuelt å gje konsesjon i den delen av Utsira Nord som overlappar med END 253.

Forsvarsdepartementet har sett i gang eit arbeid med å vurdere sine øvings- og skytefelt til sjøs. Ein kan ikkje sjå bort frå at END 253 kan få endra grenser eller funksjon, verte lagt ned eller flytt som følgje av dette arbeidet, og difor opprettheld departementet likevel dei grensene som vart trekt opp i den strategiske konsekvensutgreiinga for Utsira Nord.

Skipstrafikk

Skipstrafikk vil i stor grad måtte unngå område der det er etablert vindkraftverk. I den strategiske konsekvensutgreiinga har det vore lagt vekt på å unngå areal som er viktige for skipstrafikken. Likevel vil all utbygging av vindkraft til havs potensielt vere til ulempe for skipstrafikk.

I høyringa i 2013 skreiv Kystverket at Utsira Nord bør avgrensast i aust for å gje rom for skipstrafikk og ikkje presse denne nærare Utsira. Vidare meinte Kystverket at området burde avgrensast i sør for å gje rom for skipstrafikk inn og ut av fjordane og ikkje skape konflikt med aust/vest-gåande trafikk. Kystverket meinte at ein må vente ein betydeleg auke i skipstrafikken i Sandskallen-Sørøya Nord og at området burde avgrensast i vest og i aust for å redusere konfliktpotensialet. For Sørlege Nordsjø II peika Kystverket på at det bør sikrast korridorar og god framkomst dersom området opnast.

Departementet viste til at trafikkmønsteret til havs ikkje er statisk og at ein for ei konkret utbyggingssak må legge til grunn den mest oppdaterte kunnskapen om status og venta utvikling. Departementet meinte vidare at omsynet til skipstrafikk må handterast i dei prosjektspesifikke utgreiingane, og at avvegningane må takast som del av konsesjonshandsaminga.

Opning av fleire område

Departementet varsla i høyringsnotatet at det var dei tre områda som er omtala over, som var til vurdering: Utsira Nord, Sandskallen-Sørøya Nord og Sørlege Nordsjø II.

Departementet peika på at det seinare kan verte aktuelt å vurdere om det er grunnlag for å opne fleire område. Dersom det vert aktuelt vil forslag om dette verte sendt på alminneleg høyring. Med mindre det i denne høyringa eller på annan måte vart klart at det er sterke argument for å vurdere andre område enn dei som vart vurderte i den strategiske konsekvensutgreiinga, varsla departementet i høyringsnotatet at det vil legge den gjennomførte strategiske konsekvensutgreiinga til grunn også framover.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ei opning av område og fastsetjing av forskrift til havenergiloova kan ventast å gje opphav til søknadar om konsesjon til fornybar energiproduksjon til havs. Det vert lagt til grunn at kostnadane til sakshandsaming vert dekte innanfor energimyndigheitene sine budsjett, og delvis dekt av sakshandsamingsgebyret føreslått i utkastet til forskrift.

3. Høyring

Forslaget til forskrift og forslaget om opning av område var på høyring frå 2. juli til 1. november 2019. Det kom inn om lag 300 innspel i høyringa.

II. Høyringsinnspel og departementet sine vurderingar

1. Overordna høyringsinnspel

Om vindkraft til havs, subsidiar, mål

Norwegian Research Centre AS, Trøndelag fylkeskommune, Aust-Agder fylkeskommune, Vest-Agder fylkeskommune, I-Tech, ABB, KS Bedrift, NHO, Norsk sjøoffisersforbund, Det norske maskinistforbund er generelt positive til forslaget om å opne område, utan å gå nærare inn på dei konkrete områda.

WWF og *Naturvernforbundet* meiner vindkraft til havs kan gje ny kraftproduksjon som kan bidra til å redusere klimagassutslepp.

ABB meiner utbygging til dels bør gå til elektrifisering av petroleumsinstallasjonar offshore, forsyne skipsflåten og kople seg til andre land sine kraftsystem, evt. i eit større nett i Nordsjøen.

Norges Miljøvernforbund, Motvind Norge, Motvind Vestland, Motvind Sørvest, Motvind Dalane og ei rekkje privatpersonar går sterkt mot vindkraft til havs med fleire ulike grunngjevingar. Mellom anna vert det vist til miljøpåverknad som støy, mikroplast og verknadar for sjøfugl.

Naturvernforbundet i Åfjord går mot vindkraft til havs, med tilvising til høyringsfråsegna frå NINA og Norges Kystfiskarlag.

Norsk Ornitologisk Forening (NOF) meiner at vindkraft til havs vil kunne vere mindre skadeleg for naturmiljøet enn vindkraft på land. Dei peikar på at grunne område og område nær kysten vil vere mest konfliktfylte.

Sabima meiner havbasert vindkraft med visse føresetnadar kan bli ein god måte å produsere fornybar energi på. Dei meiner flytande anlegg langt frå land er mest lovande.

Agder Energi viser til planane om utbygging i landa rundt Nordsjøen og oppmodar norske myndigheiter til å ta del i diskusjonane mellom desse landa.

Technip FMC, Norwegian Energy Solutions, Multiconsult, Fred. Olsen-selskapa, I-Tech, Aker Solutions, ABB, Kværner, Equinor, Haugaland Vekst, GCE Node, Norwegian Offshore Wind Cluster, MagGregor Norway AS, Maritimt Forum, Maritimt Forum Nord, Tekna, Norsk industri, Norges Rederiforbund, LO, Norsk Sjøoffisersforbund, Det norske maskinistforbund, NHO, WWF og *Universitetet i Bergen* tek på ulike måtar til orde for etablering av mål og/eller støtteordningar for utvikling av vindkraftprosjekt til havs. Nokre av desse tek også til orde for ein avtale om vindkraft til havs mellom staten, næringslivet og arbeidstakarorganisasjonane, ein sokalla sektoravtale, etter modell av ein slik avtale i Storbritannia.

LO meiner skattereglar må etablerast allereie no som sikrar samfunnet ein rettmessig del av verdiskapinga.

Vestland fylkeskommune ber om at vindkraft til havs og på land blir underlagd det same skatteregimet.

Norsk Sjøoffisersforbund etterlyser rammevilkår som sikrar norsk leverandørkompetanse, til dømes gjennom leverandørprogram som set krav om norsk kompetanse, sysselsetjing og krav om norske løns- og arbeidsvilkår. *Det norske maskinistforbund* meiner at det må stillast krav om at bruk av naturressursar også gjev avkasting i form av norske arbeidsplassar. Dei viser til at det er eit juridisk handlingsrom til å innføre norske løns- og arbeidsvilkår, krav om bruk av norsk arbeidskraft og norske produsentar, verft og fabrikkar.

Norges Rederiforbund føreslår to ulike ordningar. For det første ei refusjonsordning der skatteverdien av kostnadane vert refunderte kvart år når skatteoppgjeret er ferdig. For det andre at det vert etablert eit havvindfond som gjennom årlige overføringar frå staten skal sikre havvindparker ein minimumspris per produsert kWh i heile levetida til prosjektet.

Energi Norge åttvarar mot å innføre volumbaserte støtteordningar, men meiner at det bør satsast på forskning, utvikling og demonstrasjon.

Equinor oppmodar til dialog mellom bransjen og myndighetene om rammevilkår. Agder Energi meiner utbygging av ny fornybar kraftproduksjon må vere basert på signal frå marknaden, og at det ikkje bør brukast støtteordningar.

Siemens Norge AS skisser ei utbygging på 20-25 TWh årleg produksjon i fleire fasar over ein tidsperiode på 10-12 år, kopla til nye pumpekraftanlegg på land i Noreg, og drøftar mulege regulatoriske og andre problemstillingar som kan oppstå i lys av eit slikt prosjekt.

Departementet sine merknadar

Nokre av høyringsinnspela har gått prinsipielt mot utbygging av vindkraft til havs, og mot opning av område for fornybar energiproduksjon til havs. Det vert også peika på einskilde mulege negative miljøverknadar som av høyringspartane blir vurdert som så alvorlege at vindkraftteknologi ikkje kan tillatast til havs. Departementet meiner dei konkrete verknadane for miljø og andre omsyn må klarleggast og vurderast i konsesjonsprosessen.

Nokre av høyringsinnspela har føreslått støtteordningar eller at utviklinga av fornybar energi til havs skal bidra til å nå mål innan sysselsetjing, reduksjon i utslepp av klimagassar, teknologiutvikling mv. Departementet merkar seg desse innspela, men meiner dei står mindre sentralt for spørsmålet om opning av område.

Om opning av område

Norges Kystfiskarlag meiner det må takast omsyn til einskilde interesser også før opning av område, og at det ikkje er tilstrekkeleg å tilpasse prosjekta i konsesjonsprosessen.

Norges Fiskarlag er kritiske til at innspel dei ga i 2013 ikkje er drøfta i høyringsnotatet. Fiskarlaget meiner også at departementet ser bort frå sentrale føringar frå Stortinget om

sameksistens mellom fiskeri og fornybar energiproduksjon til havs, at krava i utgreiingsinstruksen ikkje er følgde, og at departementet ikkje har følgd forvaltingslova sine føringar om rettleiings-, informasjons- og utgreiingsplikt.

KS går mot at område blir opna og forskrift fastsett før vesentlige endringer i systemet for behandling av vindkraftsaker er vedtekne, jf. høyringsinnspelet deira til Nasjonal ramme for vindkraft på land.

Energi Norge føreslår at høvet til å gjere unntak frå regelen om opning av område blir utvida til å gjelde forsyning til annan offshoreaktivitet enn petroleum.

Fred. Olsen Ocean og *Fred. Olsen Renewables* meiner at staten bør legge til rette med område som er ferdig konsekvensutgreidde og har nettilknytning.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner arbeidet som direktorata har gjort med å utpeike område, den strategiske konsekvensutgreiinga som NVE har utarbeidd og høyringa i 2019 gjev eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere om område kan opnast.

Det vil vere gjennom konsesjonshandsaminga at dei konkrete verknadane for eit prosjekt vil bli klarlagde, og det er først då det er muleg å gjere ei vurdering av om det kan gjevast løyve til å etablere anlegg for fornybar kraftproduksjon.

Departementet meiner at det er forsvarleg å opne område for konsesjonssøknadar om fornybar kraftproduksjon til havs uavhengig av framlegg om konsesjonsprosessen for vindkraft på land.

Prinsippet om at område skal opnast før det blir tillate å søke konsesjon til anlegg for fornybar kraftproduksjon og unntaka frå dette er nedfelt i havenergilova, og kan ikkje endrast gjennom forskrift. Departementet merkar seg innspel som gjeld havenergilova, og vil vurdere spørsmål som gjeld lova dersom det blir aktuelt å føreslå lovendringar.

Kunnskapsgrunnlaget

Miljødirektoratet meiner kunnskapsgrunnlaget bør oppdaterast gjennom konsesjonsprosessen og konsekvensutgreiingar, særleg når det gjeld sjøfugl. *Miljødirektoratet* meiner den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012 nærmar seg å bli utdatert, og tilrår at departementet vurderer eit opplegg for oppdatering/ny utgreiing.

NINA meiner kunnskapsgrunnlaget bør oppdaterast før opning av Sandskallen-Sørøya Nord, medan ei slik oppdatering kan skje som del av konsesjonshandsaminga for dei to andre områda. *NINA* ber også om at myndigheitene set i gang ei kartlegging av fugletrekk langs Norskekysten før det blir gjeve konsesjonar til nye vindkraftverk både på land og til havs.

Energi Norge meiner den strategiske konsekvensutgreiinga er eit godt nok grunnlag for denne prosessen, men at ein ved etterfølgjande prosessar bør basere seg på oppdaterte vurderingar.

Norges Fiskarlag meiner det faglege grunnlaget ikkje er godt nok, og krev at det blir gjort nye utgreiingar og halde ei ny høyring før det vert gjort vedtak om opning av område. Fiskarlaget meiner det ikkje må gjevast konsesjon til vindkraft til havs før verknadane av lågfrekvent lyd frå vindkraftverk på fisk er tilstrekkeleg avklara.

Fiskeridirektoratet tilrår at ein oppdaterer kunnskapen om fiskeri før ei eventuell utbygging.

Sjømat Norge meiner at det har skjedd endringar sidan den strategiske konsekvensutgreiinga frå 2012 ved at delar av havbruksnæringa vert innretta for plassering lenger til havs og at det ventast fangst av nye arter i framtida. Desse endringane gjer at nye framtidige næringar sin trong for areal må takast omsyn til før nye areal blir tekne i bruk. Dei viser til at samfunnsøkonomiske analysar kan vere eit nyttig verkty for å sikre best muleg forvaltning av havarealet. Samstundes peikar *Sjømat Norge* på at samlokalisering og fleirbruk kan vere aktuelt for framtida, men at dette vil krevje ein overordna prosess.

Norges Naturvernforbund meiner at det bør gjerast kartleggingar av naturverdiar i opna område i tillegg til forskning. Naturvernforbundet føreslår også å stille krav om at det må hentast inn nykunnskap i kvar konsekvensutgreiing, og at det bør stillast krav til metode.

Sabima meiner det må gjerast ytterlegare kartleggingar og ei oppdatering av den strategiske konsekvensutgreiinga før det blir gjeve løyve til å byggje ut. Norsk Ornitologisk Forening meiner den strategiske konsekvensutgreiinga må oppdaterast. Universitetet i Bergen føreslår ei betre kartlegging av vindressursane.

WWF føreslår eit samarbeid mellom nordsjølanda om å kartlegge naturmangfaldet i Nordsjøen og verknadane på dette frå vindkraft.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar vil vere verktyet for å sikre eit godt nok grunnlag for å vurdere om det kan gjevast konsesjon til vindkraftverk i opna område. Det er ikkje aktuelt å oppdatere den strategiske konsekvensutgreiinga no. Departementet viser elles til omtale av spørsmålet om opning av ytterlegare område.

Departementet vil ikkje ta initiativ til eller finansiere kartleggingar i opna område utover det som aktørane finansierer som del av konsekvensutgreiingar.

Departementet viser til at Noreg deltek i nordsjøsam arbeidet om vindkraft til havs, som også har miljøverknadar som tema.

Forsking

NTNU og *Sintef* tilrår oppretting av eit større program for forskning, innovasjon og utvikling av leverandørar.

Havforskningsinstituttet har forslag til prosjektspesifikke undersøkingar og vilkår om etterundersøkingar, og rår i tillegg til at det blir gjort detaljerte kartleggingar av havbotnen mv. i opna område. Generelt viser Havforskningsinstituttet til undersøkingar som er gjort av vindkraftanlegg i andre land, men meiner lokale tilhøve tilseier at det må gjerast tilsvarande undersøkingar i norske område.

Norwegian Research Centre AS (NORCE) tilrår at departementet gjennomfører konsekvensutgreingar av områda før dei blir opna, og at ein i planlegginga opnar for forskingssamarbeid med FoU-sektoren. Dei meiner måledata og forskning som blir gjort i samband med utvikling av vindkraft til havs må gjerast opent tilgjengeleg. Vidare føreslår dei at det blir bygd forskingsplattformer for meteorologiske og oseanografiske instrument, i tillegg til utstyr for biologisk overvaking, i samband med utbyggingar.

Vest-Agder fylkeskommune ber om at staten bidrar til forskning slik at havvind kan bli lønsamt.

Departementet sine merknadar

Departementet viser til at Energi21, som er myndigheitene sitt rådgjevande organ for prioritering av forskingsløyvingane på energifeltet, har vindkraft til havs som ei av seks hovudprioriteringar. Departementet meiner tilskot til forskning må skje gjennom etablerte ordningar i Forskningsrådet.

Departementet seier seg samd i at det er naudsynt med meir kunnskap før det kan takast stilling til om konkrete prosjekt kan få løyve til utbygging, men understrekar at slik kunnskap skal komme fram som følgje av prosjektspesifikke konsekvensutgreingar. Utbyggarar står fritt til å samarbeide med forskingsinstitusjonar, men departementet vil ikkje generelt pålegge utbyggarar å gjere det. Etter forskrifta skal konsekvensutgreingar på høyring, og vil slik bli offentlege.

2. Omsynet til andre interesser

Fiskeri

Ei rekkje fiskeriorganisasjonar og einskildpersonar meiner etablering av vindkraft til havs generelt og innanfor dei føreslegne områda vil vere til hinder for fiskeri. Det vert peika både på at areal ikkje vert tilgjengeleg for fiskefarty og på at verknadane ved etablering av vindkraftverk til havs ikkje er godt nok kjende. Mellom mulege verknadar det blir peika på er støy, elektromagnetiske felt og oppkvervling av sediment. Det blir også peika på mulege auka utslepp av drivhusgassar som følgje av at fiskebåtar må gå lenger for å omgå vindkraftverk.

Sjømat Norge er usikre på om fiskeriinteressene blir godt nok tekne omsyn til og meiner at det er viktig at fiskeriaktivitet ikkje blir hindra som følgje av havvindprosjekt.

Fiskeridirektoratet ser ikkje føre seg at det let seg gjere å drive kommersielt fiskeri inne i eit vindkraftverk, grunna omsynet til tryggleik.

Havforskningsinstituttet peikar på at vindkraftverk kan ha både positive og negative verknadar for marine organismar.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner det i konsesjonsprosessen må leggst vinn på i så stor grad som muleg å unngå at etablering av fornybar kraftproduksjon til havs er til ulempe for fiskeri. Tidleg informasjon og god dialog er viktig for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag før energistyresmaktene tek avgjerder. God dialog med fiskeriorganisasjonane er sentralt i den samanheng.

Departementet vil difor legge opp til dialog med fiskeriorganisasjonane før fastsetjing av prosjektspesifikke konsekvensutgreiingsprogram og før endeleg avgjerd om konsesjon.

Sjøfugl

Norsk institutt for naturforskning (NINA) meiner at kunnskapsgrunnlaget for sjøfugl har endra seg sidan den strategiske konsekvensutgreiinga vart utarbeidd i 2012, og peikar på forskingsprogramma SEAPOP og SEATRACK. NINA meiner det vil vere uheldig om ein opnar for etablering av vindkraftanlegg i norske kyst- og havområde utan å integrere den nye kunnskapen i vurderingane. NINA meiner det vil kunne vere høg risiko for konflikt med sjøfugl og trekkande fugl for området Sandskallen-Sørøya Nord. Om Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II peikar NINA på at deira forskning tyder på at områda kan vere viktige for sjøfugl utanom hekketida.

Norsk Ornitologisk Forening meiner kunnskapsgrunnlaget om fugl er for svakt, og at ny informasjon frå forskingsprogramma SEAPOP og SEATRACK må inkluderast i kunnskapsgrunnlaget.

Vestland fylkeskommune meiner kunnskapsgrunnlaget for sjøfugl bør oppdaterast.

Departementet sine merknadar

Departementet seier seg samd i at kunnskapen om sjøfugl sin bruk av dei konkrete opna områda bør oppdaterast før det blir gjeve konsesjon til vindkraftverk i områda. Departementet meiner at slik oppdatert kunnskap må innhentast som del av konsekvensutgreiinga av konkrete prosjekt.

Skipstrafikk

Samferdsledepartementet meiner at områda som opnast for fornybar energi bør avgrensast av omsyn til sjøtryggleiken. Dei viser også til Kystverket sin uttale.

Norsk Sjøoffisersforbund, Norges Rederiforbund og Maritimt Forum meiner det er viktig at område med vesentlege skipsaktivitetar blir unngått og at skipsfarta må takast omsyn til i konsesjonssaker.

Departementet sine merknadar

Departementet meiner at det må leggst stor vekt på omsynet til trygg ferdsel til havs i utforminga av konkrete prosjekt innanfor dei opna områda. Dette er eit særleg viktig omsyn i Utsira Nord, og

det vil vere ein føresetnad for å gje konsesjon til anlegg for fornybar energiproduksjon at anlegget ikkje vert plassert slik at det påverkar sjøtryggleiken negativt.

Petroleum

Oljedirektoratet peikar på at petroleumsverksemda har interesser både i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet. Direktoratet omtalar ulemper utbygging av vindkraft vil føre med seg. Særleg vert det peika på at det vil gjere leiting etter petroleumsressursar vanskelegare, og at det har konsekvensar for mulegheitene for å etablere infrastruktur for petroleum.

LO legg til grunn at område med potensielle petroleumsressursar er undersøkte før det blir gjeve konsesjon til fornybar energiproduksjon.

Aker Solutions støttar departementet sitt syn om at det naudsynt med ein gjennomgang av reguleringa av sameksistensen mellom vindkraft til havs og petroleumsaktivitet. Equinor oppmodar til dialog mellom myndigheitene og bransjen når det gjeld sameksistens med petroleum.

Greenstat, WWF og Naturvernforbundet meiner fornybar energiproduksjon må gå framfor petroleum dersom det er konkurranse om areala.

Fred. Olsen Ocean og Fred. Olsen Renewables meiner at elektrifisering av olje- og gassinstallasjonar, t.d. gjennom krav til fornybar kraftforsyning, kan gjere det muleg å raskt få testa ny teknologi.

ABB, Zero og Technip FMC foreslår å identifisere område i nærleik til olje- og gassinstallasjonar for å sørge for elektrifisering og ein overgang til storskala hydrogenproduksjon.

Departementet sine merknadar

Departementet har gjort ei vurdering av dei tekniske, praktiske og juridiske problemstillingane som oppstår dersom det vert planlagd og installert vindkraftverk i område som er interessante for petroleumsnæringa, mellom anna basert på ein rapport frå Oljedirektoratet.

Departementet meiner at det at eit område blir opna for fornybar energiproduksjon ikkje i seg sjølv er til hinder for at det framleis kan bli leita etter petroleum i området. Oljedirektoratet konkluderer i sin rapport med at det kan oppstå arealkonflikt mellom petroleumsaktivitet og vindkraft til havs i samband med seismisk innsamling, ved boring av brønn og ved utbygging og drift. Hindringane gjer det mindre sannsynleg at det vil bli leita etter petroleum innanfor eit etablert vindkraftverk grunna høgare leite- og utbyggingskostnader der enn i område det ikkje er vindkraftverk. Dette, kombinert med at eit vindkraftverk er i drift i ein lang periode (minst 20 år) gjer det viktig med god kartlegging av eit område før plassering av vindkraftverk, for på denne måten å avdekke og kunne ta omsyn til eventuelle petroleumsressursar. Oljedirektoratet foreslår at det blir gjort ei overordna kartlegging før eit område blir opna for vindkraft og at det også blir gjort ei meir detaljert kartlegging før det blir gjeve konsesjon til vindkraftverk.

Departementet meiner god kartlegging er viktig, og vil ivareta desse omsyna ved fastsetting av program for konsekvensutgreiing.

Departementet føreslår å setje ei grense for kor stor utbygging av vindkraft som kan tillastast i Sørlege Nordsjø II. Departementet føreslår at det ikkje kan gjevast konsesjon der det er gjeve utvinningsløyve for petroleum, med mindre det er varsla i utvinningsløyvet at det kan bli aktuelt med vindkraft i området eller det er gjort avtale med den som har utvinningsløyvet.

Når departementet har fastsett eit program for prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, og dermed definert eit prosjektområde for eit vindkraftprosjekt, vert det lagt til grunn at slikt varsel vert gitt i samband med eventuelle nye utvinningsløyve for petroleum innanfor same område som gjevast etter dette.

Det bør elles ikkje gjevast slikt varsel for utvinningsløyve for petroleum innanfor område som er opna for verksemd etter havenergilova. Dette ville i så fall skape ei usikkerheit for petroleumsverksemda som ikkje er naudsynt. Sidan områda som opnast etter havenergilova er relativt store og berre ein mindre del av dette skal utnyttast, bør det være muleg å finne eigna prosjektområde utanfor der det er utvinningsløyve for petroleum.

God dialog må stå sentralt mellom dei som har utvinningsløyve for petroleum og dei som arbeider med vindkraftprosjekt for å legge til rette for sameksistens. Dette gjeld særleg dersom det vert gjeve utvinningsløyve til petroleum innafør eit prosjektområde for vindkraft.

Departementet meiner at tidleg kontakt mellom petroleums- og fornybarinteressene vil vere viktig for å sikre god koordinering og eit godt kunnskapsgrunnlag for departementet.

Vurderinga til departementet på dette området er ytterlegare omtala i den kongelege resolusjonen som fastset havenergiforskrifta, datert same dag som denne kongelege resolusjonen.

Forsvar

Forsvarsdepartementet viser til at Utsira Nord delvis overlappar med Luftforsvaret sitt skyte- og øvingsfelt END253 Utsira, og meiner at sameksistens mellom vindkraft og Forsvaret sin skyteaktivitet ifelt ikkje er muleg. Forsvarsdepartementet viser til det pågåande arbeidet med å vurdere Forsvaret sine skyte- og øvingsfelt, der det er forslag om skytefelt som overlappar med Sandskallen-Sørøya Nord og planar om å etablere eit militært treningsluftrom som vil dekke Sørlege Nordsjø II.

Forsvarsministeriet i Danmark peikar på at delar av Sørlege Nordsjø II er dansk luftrom, og at det danske luftforsvaret her har eit øvingsområde (TRA Nordsø 9). Ministeriet skriv at etablering av vindkraftverk i området vil ha avgrensa innverknad på øvingsaktivitetar i området.

Departementet sine merknadar

Departementet seier seg samd i at sameksistens mellom vindkraft og Luftforsvaret sin skyte- og øvingsaktivitet truleg ikkje er muleg, og at det ikkje bør gjevast konsesjon til vindkraftverk i den

delen av Utsira Nord som overlappar med skyte- og øvingsfeltet END 253, så lenge dette er i bruk, eller så lenge Forsvarsdepartementet meiner det ikkje er muleg med sameksistens.

Departementet føreslår å legge dette inn som eit vilkår for opninga av Utsira Nord.

Bølgekraft

Riksantikvaren meiner at Noreg har unike naturlege føresetnadar for bølgekraft, og at eit einseitig fokus på vindkraft er uheldig.

Departementet si vurdering

Departementet vil understreke at havenergilova er teknologinøytral, sjølv om den mest aktuelle teknologien i overskødeleg framtid er vindkraft.

Avgrensing og utnytting av opna område

Norges Rederiforbund sluttar seg til departementet si vurdering om at dei identifiserte områda ikkje bør avgrensast av omsyn til einskilde interesser.

Fiskarlaget Nord stiller spørsmål ved om heile eller berre delar av eit område kan byggast ut dersom det vert opna.

Fiskeridirektoratet er kritiske til at områda er større enn naudsynt.

Departementet si vurdering

Departementet har ikkje endra grensene for områda som har vore føreslegne. For skipsfart og petroleum i Utsira Nord og for petroleumsinteressene i Sørlege Nordsjø II har departementet valt å setje som vilkår ved området at det skal takast særlege omsyn. Desse vilkåra kan gje ein reduksjon i arealet som er tilgjengeleg for konsesjonssøknadar, men reduksjonen kan vere tidsavgrensa og kan falle bort etter nærare undersøkingar. Mellom anna har løyve etter petroleumslova ei avgrensa varigheit, Forsvaret sin bruk av skyte- og øvingsfelt kan endre seg og skipsfarten kan få endra omfang. Det er den mest oppdaterte kunnskapen etter ei prosjektspesifikk konsekvensutgreiing som må leggast til grunn for konsesjonshandsaminga.

Departementet har lagt vekt på at områda tillèt tilpassing til andre interesser ved at det utbyggingsomfanget som er skissert vil gje ein arealbruk som er relativt liten i høve det totale arealet på områda.

Departementet meiner andre interesser bør ha tryggleik om kva utbyggingsomfang ein kan vente seg. Det tilseier at ein ved opninga av eit område fastset ei øvre grense for kor stor utbygging det kan gjevast konsesjon til innanfor området. Ei slik grense må vere objektiv og målbar, og departementet har difor valt å fastsetje eit tak for maksimal installert yting, målt i megawatt, for dei områda som vert opna.

Tidspunkt for opning

Departementet har valt å gjere opninga av område gjeldande frå førstkomande årsskifte 1. januar 2021.

Opning av fleire område

Nordland fylkeskommune ber om at området Selvær, som var del av NVE sitt område Træna fjorden-Selvær i den strategiske konsekvensutgreiinga, vert opna. Fylkeskommunen ber også om at større havområde utanfor Nordland blir opna.

Arctic Cluster Team, Olje- og gassklynge Helgeland, Coast Center Base og NCE Aquaculture ber om at områda Selvær og Træna Vest blir opna.

LO, Technip FMC, Aker Solutions, Equinor, Norsk industri, GCE Node og Norwegian Offshore Wind Cluster går inn for å vurdere nye område, t.d. område for flytande vindkraft sør i Nordsjøen eller for å legge til rette for annan aktivitet enn tilknytning til kraftnettet på land i Noreg.

Norwea meiner at metoden og grunnlaget for val av område bør reviderast etter denne opningsrunden, og at det for framtida er ressurspotensialet og mulegheita for tilknytning til utanlandske marknader som bør vere avgjerande for utpeiking av område, ikkje kapasitet i nettet på land eller havdjupn.

WWF meiner det må identifiserast fleire område for flytande vindkraft, mellom anna for å kunne lokalisere kraftverk utanfor aksjonsradiusen til raudlista sjøfuglartar. Ansvaret for å utpeike areal meiner WWF bør leggest til Miljødirektoratet.

Norges Rederiforbund etterlyser eit system som legg til rette for jamleg opning av nye område.

ABB føreslår eit system der næringsaktørar kan nominere område før evt. konsekvensutgreiing og opning.

Departementet si vurdering

Det har skjedd vesentlege endringar innan næringsaktivitet, miljøkunnskap og ikkje minst innan vindkraftteknologi sidan 2012. Departementet meiner difor det faglege grunnlaget for NVE si strategiske konsekvensutgreiing frå 2012 nærmar seg å trenge oppdatering.

Departementet vil vurdere om det skal gjerast ei ny utpeiking av kandidatområde og gjennomførast ei ny strategisk konsekvensutgreiing. Departementet merkar seg også interessa for område utanfor Helgelandskysten, og vil vurdere om det er grunnlag for å føreslå å opne område der.

3. Om dei føreslegne områda

Utsira Nord

Fellesnemnda for nye Stavanger kommune, Rogaland fylkeskommune, Vestland fylkeskommune, RWE, Fred. Olsen, Agder Energi, Aker Solutions, Kværner, Equinor, Norwegian Offshore Wind Cluster, Norwea, Rederiforbundet, Energi Norge, Norsk olje og gass, Miljødirektoratet, Universitetet i Bergen Naturvernforbundet, WWF og Zero er positive til ei opning av Utsira Nord.

Pelagisk Forening rår frå ei opning av Utsira Nord.

Fiskeridirektoratet held fram at det ikkje er nokon vesentlege endringar i høve den strategiske konsekvensutgreinga, og at det truleg er minst konflikt med fiskeri i den nordaustlege delen av området. Organisasjonen *Fiskebåt* og *Norges Kystfiskarlag* meiner Utsira Nord bør flyttast mot nordaust, slik Fiskeridirektoratet har føreslege.

Kystverket viser til at skipstrafikken i og ved Utsira Nord er tett, og tilrår ikkje at området vert opna utan at det blir redusert i aust og i sør.

Riksantikvaren meiner visuelle verknadar for Utsira fyr må utgreiast dersom det blir aktuelt med vindkraftutbygging i Utsira Nord. Det er potensial for funn av skipsvrak i området.

Departementet si vurdering

Departementet har lagt vekt på at Utsira Nord er det einaste området som det er aktuelt å opne no som er særleg eigna for flytande vindkraft. Området er også teknisk-økonomisk mellom dei beste områda, og av dei nærast land.

Den strategiske konsekvensutgreinga gjeld berre dei 15 utpeika områda, og ikkje nærliggande område. Ei flytting av området mot nordaust ville innebere opning av eit område som ikkje er konsekvensutgreidd, og det er i strid med havenergilova.

Det går fram av høyringa at dette er eit område med stor aktivitet og fleire interesser som det vil vere viktig å undersøkje godt i ein konsesjonsprosess. Mellom anna vil verknadar for fiskeri, forsvar, samferdsle, kulturminner og naturmangfald måtte opplysast gjennom prosjektspesifikke konsekvensutgreingar.

Det er uvisst korleis vindkraftverk vil påverke Luftforsvaret sine øvingsaktivitetar i øvingsfeltet END253. Så lenge det ikkje er avklara om øvingsfeltet vil bli vidareført, og så lenge verknadane for øvingsaktiviteten ikkje er godt opplyst, tilrår departementet eit vilkår om at det ikkje kan gjevast konsesjon til vindkraftverk i den delen av Utsira Nord som er del av øvingsfeltet END253, med mindre Forsvarsdepartementet anten flyttar/legg ned øvingsfeltet eller kjem til at øvingsaktiviteten ikkje blir vesentleg negativt påverka av vindkraftverk.

I Utsira Nord er det ikkje stort rom for tilpassing til andre interesser dersom det ikkje vert muleg å nytte den delen av området som overlappar med Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt END253, og

fordi det er naudsynt å ta omsyn til skipstrafikken i den austlege og sørlege delen. Departementet meiner difor at det ikkje kan tillatast ei større utbygging enn 1500 MW i Utsira Nord, og tilrår dette som eit vilkår til opninga av området. Konesjonshandsaminga kan seinare komme til at det heller ikkje er tilrådeleg med ei så stor utbygging.

Høyringa har ikkje gjeve vesentleg ny informasjon som tilseier at departementet bør gjere nye vurderingar av om området bør opnast for konsesjonssøknadar. Departementet tilrår at området opnast.

Sandskallen-Sørøya Nord

Hammerfest kommune, RWE, Fred. Olsen, Agder Energi, Aker Solutions, Norwea, Maritimt Forum Nord, Rederiforbundet, Energi Norge, Norsk olje og gass, Naturvernforbundet, WWF og Zero er positive til ei opning av området, nokre av dei med atterhald.

Karlsøy kommune, Hasvik kommune, Finnmark fylkeskommune, Sametinget, Equinor, Miljødirektoratet, Havforskningsinstituttet, Fiskeridirektoratet, Norges Fiskarlag, Pelagisk Forening, Fiskarlaget Nord, Nordland Fylkes Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, Vest-Finnmark Kystfiskarlag og Sørøy/Loppa Fiskarlag rår frå ei opning av Sandskallen-Sørøya Nord. Fiskeriorganisasjonane, Miljøvernforbundet og ei rekkje einskildpersonar viser mellom anna til dei faglege råda frå Fiskeridirektoratet.

Fiskeridirektoratet har samanstilt data som viser at det kan vere godt over 80 farty som driv fiskeri innanfor området

Organisasjonen *Fiskebåt* peikar på at fyrstehandsverdien av fisken som er fanga i fangstområde 04-12 og 04-23 er på 200 millionar kroner årleg. *Vest-Finnmark Kystfiskarlag* skildrar ein nedgang i aktiviteten i kystfiskeflåten med base i kommunane nær Sandskallen-Sørøya Nord.

Miljødirektoratet viser m.a. til omsynet til sjøfugl når dei rår frå å opne området. Havforskningsinstituttet peikar på at området ligg innanfor gyteområde for torsk og lodde.

Naturvernforbundet peikar på at det kan bli vanskeleg å ta nok omsyn til naturverdiar og naturbaserte næringar i Sandskallen-Sørøya Nord.

Sametinget krev konsultasjon med departementet før evt. opning av dette området, og at alle fasar av konsesjonsprosessen er konsultasjonspliktige.

Statnett peikar på at nettutvikling i Finnmark kan redusere flaskehalsar lokalt, men ikkje ut av Finnmark, og at auka forbruk kan gje rom for meir vindkraft.

Departementet si vurdering

Departementet merkar seg vektlegginga av Sandskallen-Sørøya Nord som eit lokalt og regionalt viktig område for fiskeri. Samstundes meiner departementet det er muleg at ei prosjektspesifikk

konsekvensutgreiing av eit mindre vindkraftprosjekt kunne synt at ein kunne finne plassering innanfor området som var akseptabel for fiskeriinteressene.

Omsynet til sjøfugl trekk etter departementet sitt syn også i retning av å ikkje opne området.

Området er ikkje mellom dei beste områda teknisk-økonomisk, noko som talar for å ikkje prioritere opning av dette området. Det er også liten lokalpolitisk oppslutnad om ei opning.

Etter ei samla vurdering har departementet komme til at Sandskallen-Sørøya Nord ikkje bør prioriterast for opning no.

Sørlige Nordsjø II

Fellesnemnda for nye Stavanger kommune, Aust-Agder fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, RWE, Greenstat, Fred. Olsen, Agder Energi, Aker Solutions, Kværner, Equinor, AS Norske Shell, Ny Energi AS, Norwegian Offshore Wind Cluster, Norwea, Rederiforbundet, Energi Norge, Norsk olje og gass, Miljødirektoratet, Universitetet i Bergen, Naturvernforbundet, WWF og Zero er positive til ei opning av Sørlige Nordsjø II.

Pelagisk Forening rår frå ei opning av Sørlige Nordsjø II. *Norges Fiskarlag, Norges Kystfiskarlag, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet* tilrår ein reduksjon av området, m.a. for å unngå tobisfelt.

Fiskeridirektoratet peikar også på at omfanget av utanlandsk fiskeriaktivitet ikkje var vurdert i den strategiske konsekvensutgreiinga. Reduserte mulegheiter for den utanlandske flåten i norske farvatn vil kunne ha uheldige konsekvensar for den norske fiskeflåten i form av redusert tilgang til andre land sine areal.

Oljedirektoratet peikar på at Sørlige Nordsjø II ligg innanfor det førehandsdefinerte området i Nordsjøen, og at store delar av arealet har vore dekkja av utvinningsløyve fleire gongar.

Riksantikvaren meiner det er stort potensial for funn av både skipsvrak og kulturminne frå eldre steinalder i Sørlige Nordsjø II.

Statnett meiner at departementet bør vurdere om det kan vere rom for ei større utbygging enn 1-2 GW, mellom anna av di ei utbygging vil måtte nytte likestraumsteknologi.

Forsvarsministeriet i Danmark peikar på at delar av Sørlige Nordsjø II er dansk luftrom, og at det danske luftforsvaret her har eit øvingsområde (TRA Nordsø 9). Ministeriet skriv at etablering av vindkraftverk i området vil ha avgrensa innverknad på øvingsaktivitetar i området.

Departementet sine vurderingar

Sørlige Nordsjø II er godt eigna for vindkraft ut frå teknisk-økonomiske parametarar. Departementet merkar seg at det er stor interesse for Sørlige Nordsjø II mellom næringsaktørar. Området gjev rom for store utbyggingar, som potensielt kan skje utan offentleg støtte.

Fleire av høyringspartane peikar på at det kan utviklast kraftverksprosjekt i området for levering til andre land eller til eit muleg framtidig nett i Nordsjøen.

Departementet gjer det klart at konsesjon etter § 3-1 og tilkopling av kraft må følgje folkerettslige krav og dei vilkår som går fram av havenergilova at slik levering vert bygd på.

Oljedirektoratet har i samråd med NVE og Petroleumstilsynet gjort ei vurdering av praktiske verknadar for petroleumsverksemda ved etablering av vindkraftverk. I vurderinga peikar Oljedirektoratet på at arealkonflikt mellom petroleumsaktivitet og vindkraft til havs kan oppstå i samband med seismisk innsamling, ved boring av brønn og ved utbygging og drift, og at det difor vil difor vere viktig å finne løysingar som tek omsyn til forvaltinga av begge næringane. Departementet føreslår vilkår av omsyn til petroleumsverksemda.

Departementet har merka seg innspel om å tillate større utbyggingar enn 2 GW i Sørlige Nordsjø II. Departementet konstaterer også at ei utbygging på 2 GW vil krevje berre 10 prosent av arealet i Sørlige Nordsjø II. Departementet meiner det er tilrådeleg å setje ei grense for utbyggingsmengda for området på 3 GW utan at utnyttingsgraden blir høgare enn for andre område som er utgreidde.

Departementet merkar seg at delar av området overlappar med dansk luftrom og eit øvingsområde for det danske forsvaret, men at det danske forsvarsdepartementet meiner det er lågt sannsyn for at eventuelle utbyggingar vil påverke aktiviteten deira negativt. I samsvar med folkerettslige krav skal danske myndigheiter verte varsla av dei rette styresmaktane i ein tidleg fase av ein evt. konsesjonsprosess.

Det er viktige miljøverdiar i området, og departementet legg til grunn at kunnskapen om m.a. sjøfugl og marine organismar oppdaterast gjennom prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar.

Departementet tilrår å opne Sørlige Nordsjø II.

4. Konklusjon

Departementet tilrår at områda Utsira Nord og Sørlige Nordsjø II opnast for konsesjonssøknadar om fornybar energiproduksjon til havs. Departementet rår frå å opne Sandskallen-Sørøya Nord no.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r:

Områda Utsira Nord og Sørlege Nordsjø II opnast for konsesjonshandsaming av søknader om produksjonsanlegg for fornybar energi frå 1. januar 2021 i samsvar med vedlagde forslag.

Vedlegg

Fastsetting av grenser og vilkår for konsesjonshandsaming av søknader om produksjonsanlegg for fornybar energi i område opna etter havenergilova. Koordinatar er oppgjevne med geodetisk datum WGS 84.

I. Sørlege Nordsjø II

Det blir tillate å søke konsesjon til produksjonsanlegg for fornybar energi innanfor området definert av desse fem punkta:

4° 20' 48" E, 56° 49' 24" N

5° 10' 05" E, 57° 05' 36" N

5° 29' 51" E, 56° 44' 17" N

5° 02' 01" E, 56° 35' 30" N

4° 38' 29" E, 56° 29' 02" N

Særlege vilkår for Sørlege Nordsjø II

- a. Det kan ikkje gjevast konsesjon i eit område der det er gjeve utvinningsløyve for petroleum, med mindre dette er varsla i utvinningsløyvet eller det er føreligg ein avtale med den som har utvinningsløyvet.
- b. Ved aktivitet i SVO-areal må ein rekne med vilkår for å unngå skade på dei særleg verdifulle og sårbare miljøverdiane.
- c. Det kan maksimalt gjevast løyve til utbygging av 3 000 MW.

II. Utsira Nord

Det blir tillate å søke konsesjon til produksjonsanlegg for fornybar energi innanfor området definert av desse fire punkta:

4° 16' 09" E, 59° 26' 53" N

4° 40' 25" E, 59° 28' 56" N

4° 24' 27" E, 59° 04' 10" N

4° 48' 44" E, 59° 06' 18" N

Særlege vilkår for Utsira Nord

- a. Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraftverk innanfor Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt END253, med mindre Forsvarsdepartementet gjev si tilslutning til at det kan gjevast konsesjon.
- b. Det skal ikkje gjevast konsesjon som kan påverke sjøtryggleiken negativt, og det skal leggast vekt på Kystverket sine vurderingar.
- c. Ved aktivitet i SVO-areal må ein rekne med vilkår for å unngå skade på dei særleg verdifulle og sårbare miljøverdiane.
- d. Det kan maksimalt gjevast konsesjon til utbygging av 1 500 MW.